



Bømlo
kommune

REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

(NYTT REGLEMENT I H.T. NY FINSANSFORSKRIFT GJELDANDE FRÅ 1. 7. 2010)

Vedteke i kommunestyre 01.11.2010, PS80/10

Innhold:

1. Finansreglementet sitt verkeområde
2. Heimel og rettskraft
3. Forvaltning og forvaltningstypar
4. Føremål
5. Generelle rammer og avgrensingar
6. Forvaltning av ledig likviditet og overskotslikviditet
7. Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler
8. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva
9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

1. Finansreglementet sitt verkeområde

Meininga med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for den samla finansforvaltninga. Reglementet gir eit samla oversyn over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og dei fullmakter/instruksar og rutinar som vert heimla i dette reglementet. Vidare definerer reglementet avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar, plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån/forvaltning av gjeld.

Kven reglemente gjeld for

Reglementet gjeld for Bømlo kommune med verksemdar organisert som kommunale føretak etter kommunelova kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommunelova sin § 27. I den grad desse verksemdene har ein eigen finansforvaltning skal denne utøvast i samsvar med dette reglementet, eller i tilfelle med interkommunalt samarbeid, etter eit avtalt finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

2. Heimel og verknad

Heimel

Reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Ny forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).

Rettskraft

- Reglementet trer i kraft frå og med 1.11. 2010. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret har vedteke for kommunen si finansforvaltning.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

Reglementet omfattar forvaltninga av alle finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finansreglementet er det vedtatt målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av grunnlikviditet og overskotslikviditet.
- Forvaltning av gjeld og andre finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva. (P.t. ikkje aktuelt.)

4. Føremål og overordna strategi

Finansforvaltninga har som føremål å sikre ei rimeleg avkastning på kommunen sine plasseringar, samt stabile og lave netto finansieringskostnader på låneporteføljen innanfor definerte risikorammer. Det primære målet skal vera å sikre at kommunen til ei kvar tid er likvid, betalingsdyktig og lite eksponert for risiko. Kommunen skal ha ein lav risikoprofil med fokus på å redusere i kva grad svingingar i finansmarknadane vil påverka kommunen si finansielle stilling.

Dette vert forsøkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha tilstrekkeleg likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkje

daglege betalingspliktar.

- Plassert overskotslikviditet skal over tid gi ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til trongen for føreseielege og stabile lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi ei god langsiktig avkastning til ein akseptabel risiko.

5. Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette finansreglement, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansielle risiko, jf. Kommunelova § 52. Reglementet skal byggja på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle markadar og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, under dette kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen pliktar å leggja fram saker for kommunestyret som kan vurderast som prinsipielle. Kommunen har p.t. ikkje langsiktige finansielle aktiva.
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å plassere kommunen sine midlar i samsvar med reglane i dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å forvalte kommunen si gjeldsportefølje i samsvar med retningslinene i dette reglementet.
- Det ligg til rådmannen å utarbeide naudsynte fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilte forvaltningsformene.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillete nytta gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i finansforvaltninga.
- Dersom det er aktuelt å plassere midlar i verdipapir, skal dette skje i samsvar med kommunen sine etiske kriterier. Så langt det er praktisk mogeleg skal desse tiske kriteria også gjelde for plasseringar i verdipapirfond. Sjå også pkt. 8.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunens midlar til driftsformål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva vert omtala kvar for seg.

6. Forvaltning av grunnlikviditet og overskotslikviditet

Grunnlikviditet

Grunnlikviditeten skal sikra at kommunen til ei kvar tid har tilstrekkeleg likviditet og den trongen for likviditet som oppstår som følge av forskjell i tid mellom inn- og utbetalingar. Kommunen skal minimum ha grunnlikviditet som er like stor som forventa likviditetsbehov for dei neste 3 månadane.

Bømlo kommune skal ha rammeavtale for å ivareta trongen for banktenester. Ved val av hovudbank vert det stilt krav om at banken skal ha tilstrekkeleg økonomisk evne og tryggleik.

Det kan gjerast avtale om trekkrett som skal vera stor nok til å sikre at kommunen sin grunnlikviditet er i samsvar med reglementet.

Grunnlikviditet skal alltid plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltningskapital som overstig NOK 25mrd.

Overskotslikviditet

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål/investeringar utover kva kommunen treng for å dekke betalingspliktar dei næraste 3 månadane, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ei periode på meir enn 3 månader
- b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 10 mill.

Andelar i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a) Midlar kan berre plasserast i fond godkjent som UCITS fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.
- b) Det skal berre plasserast i fond med ”rentefølsomhet” kortare enn 12 månader.
- c) Ikkje nokon av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- (”investment grade”), eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarende kredittkvalitet.
- d) Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond kan bestå av papir med inntil 20 % BISvekt, under dette:
 - Renteberande papir utferda eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande NOK denominerte papir utferda eller garantert av OECD/EØS sone A statar¹.
 - Obligasjonar med førerrett (særskilt sikra obligasjonar)²
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske statsføretak.
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papir, i form av ”senior” sertifikat – og obligasjonslån, utferda eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.
- e) Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar eller ansvarlege lån.
- f) Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid vere tilgjengeleg på få dagar.
- g) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1,0 år.

¹ Stat i sone A: Statar innan OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Statar som reforhandlar si utlandsgjeld, skal utelukkast i eit tidsrom på 5 år.

² Obligasjonar utferda av kredittføretak med førerrett i en sikkerheitsmasse som inneheld offentlege lån, utlån med pant i bustad eller annan fast eigedom.

Generelle avgrensingar

- Det kan ikkje plasserast i aksjar elle eigenkapitalbevis (grunnfondsbevis).
- Det kan ikkje plasserast i ansvarlege lån

- Samla innskot i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av forvaltningskapitalen til institusjonen.
- Eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5 % av forvaltningskapital til fondet.

Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og 31. august, leggje fram rapportar for kommunestyret som syner status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål/investeringar. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status 31.12. Rapporteringa skal syne følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativa/ typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlane.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrentene.
- Kommenterar knytt til samansetning, rentevilkår/avkastning, vesentlege marknadsendingar og endring i risikoeksponering.
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

7. Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

Vedtak om opptak av lån

Vedtak om opptak av lån vert gjort av Kommunestyret.

Kommunestyret vedtek nedbetalingstid på den samla låneporteføljen.

Rådmannen har fullmakt til å ta opp lån i samsvar med Kommunestyret sitt lånevedtak, godkjenne lånevilkår og forvalte kommunen sine innlån etter dei retningslinene som går fram av dette reglementet og i samsvar med reglane i Kommunelova sin § 50 om låneopptak.

Rådmannen har fullmakt til å refinansiere eksisterande gjeld, under dette inngå renteavtalar (FRA) og rentebytteavtalar (SWAP, SWAPSJONAR) innanfor rammene i dette reglementet.

Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om ekstern bistand til nødvendig styrking av kommunen sin finanskompentanse samt avtalar om generell finansiell rådgjeving.

Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også høve til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om renteutvikling og generelle marknadsforhold.

Konkurrerende tilbod

Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Det vert gjort unntak frå denne regelen i dei tilfella kor kommunen vel å legge ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gi ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Ved tildeling av slikt mandat skal dette gjerast etter konkurranse. Det vert og høve til unntak ved opptak av lån i

statsbank. (t.eks startlån i Husbanken).

Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønske om føreseielege og stabile lånekostnader.

Forvaltninga skal legge til grunn følgjande:

- Eitt enkelt lån skal ikkje utgjere meir enn 35 % av den samla låneporteføljen.
- Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved at tidspunktet for forfall er spreidd. Lån med forfall inntil 1 år fram i tid skal maksimalt utgjere 40 % av den samla låneporteføljen.
- Lån kan takast opp som opne seriar og utan avdrag.
- Finansiering kan gjerast ved leasing.
- Lån kan takast opp i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i sertifikat og obligasjonsmarknaden.
- Gjennomsnittleg attverande rentebinding (durasjon – vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0 og 5 år.
- Minimum 25% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eit år), og minimum 25% skal ha fast rente.
- Andelen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør fordelast med rentebinding mellom 1 til 10 år.

Rentesikringsinstrument som kan nyttast

For å oppnå ønska rentebinding, kan ein ta i bruk følgjande rentesikringsinstrument:

- Framtidige renteavtalar (FRA)
- Rentebytteavtalar (renteswappar)
- Renteopsjonar

Som motpart ved inngåing av slike kontraktar skal kommunen berre nytte større bankar med brei erfaring innan området.

Instrumenta skal berre brukast til sikringsbruk og eksponeringa kan ikkje overstige dei underliggjande plasseringane/låna.

Rapportering

I samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august skal det rapporterast på status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal den ordinære årsmeldinga innehalda ein eigen rapportering om utviklinga gjennom året og status pr 31.12

Rapporteringa skal syne følgjande:

- Samansetning av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) og refinansiering av eldre lån
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Benchmarking
- Kommenterar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunen si økonomiske stode og stoda i lånemarknaden samt føreståande finansierings-/refinansieringstrong
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

8. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

Generelt

Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 10 år, samstundes som ein søker ei rimeleg årleg avkastning.

Kommunestyret skal ta prinsipiell stilling til kva som vert rekna som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen pliktar å leggja fram saker for kommunestyret som kan vurderast som prinsipielle. Bømlo kommunen har p.t. ikkje langsiktige finansielle aktiva. Om dette vert aktuelt gjeld følgjande:

Overordna investeringsrammer

For å nå målet skal finansielle aktiva til ei kvar tid forvaltast etter følgjande kriterium:

- tryggleik
- risikospreiing
- likviditet
- avkastning

Investeringane skal skje i børnoterte verdipapir med rimeleg god omsetning og andre papir med tilsvarande god likviditet.

Produktspekter

Det kan investerast i følgjande finansielle aktiva/instrument

- **bankinnskot**
- **sertifikat**
- **pengemarknadsfond**
- **obligasjonar**
- **obligasjonsfond**
- **aksjefond**
- **valutainstrument*)**

*) Valutainstrument skal berre nyttast i samband med kjøp av utanlandske fond i annan valuta enn NOK, og då berre som sikring.

Risikorammer

Likviditetsrisikoen vert styrt ved bruk av andel av statspapir, bankinnskot og pengemarknadsfond i porteføljen.

Kredittrisikoen vert styrt ved å dele denne inn i risikoklassar og ved å etablere plasseringsavgrensingar for kvar risikoklasse og debitor med utgangspunkt i dei krav som er sett til kredittrisiko.

Kredittrisiko skal inndelast i følgjande risikoklassar:

Risikoklasse 1	Obligasjonar/sertifikat utferda av stat eller føretak med statsgaranti innanfor OECD, samt statsobligasjonsfond.
Risikoklasse 2	Obligasjonar med førerrett, obligasjonar/sertifikat utferda av

statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti fra kommune/ fylkeskommune, bank, forsikringsselskap og kredittføretak, innskot i bank.

Pengemarknads- og obligasjonsfond høyrer normalt til i denne risikoklassen. Unntak for fond inneheld industrilån/ ansvarlege lån. Slike fond vert plassert i risikoklasse 3.

Risikoklasse 3 Obligasjonar/sertifikat utferda av industriføretak eller fond med tilsvarande risiko.

Obligasjonar, sertifikat og innskot som høyrer til i risikoklasse 2 og 3 (kvar for seg eller gjennom verdipapirfond) skal minimum vere ratet investmentgrade (eller banken skal ha en investmentgrade rating), dvs. BBB- eller betre av anerkjent internasjonal eller norsk ratingselskap/finanshus.

Risikoklasse 4 Eigedom, konvertible obligasjonar, ansvarleg lån, fondsobligasjonar og anna hybridkapital, kombinasjonsfond, hedge fond (fond i fond) og high yield fond (fond som inneheld industripapir med dårlegare rating enn BBB-).
Strukturerte produkt (kapitalsikra obligasjonar) høyrer normalt til i denne risikoklassen grunna normalt lågare likviditet enn i vanlege obligasjonar.

Risikoklasse 5 Aksjefond og allokeringsfond.

Risikoklasse 6 Enkeltaksjar, grunnfondsbevis og private equity

For å styre kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for plasseringane;

<u>Kredittrisiko:</u>	<u>Total porteføljefordeling:</u>
Risikoklasse 1	Ingen begrensning
Risikoklasse 2	Ingen begrensning
Risikoklasse 3	Maksimalt 10 % av total forvaltningskapital
Risikoklasse 4	Ikkje nyttast
Risikoklasse 5	Maksimalt 25 % av total forvaltningskapital
Risikoklasse 6	Ikkje nyttast

Dersom ein høgare risikoklasse ikkje er nytta fullt ut skal tilsvarande ”ledig” andel kunne nyttast til å auke rammene i klassar med lågare risiko med dei avgrensingane som er gitt i punkt om Aktivafordeling.

Rammene for maksimal plassering pr. debitor vert rekna av samla forvalta kapital (ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål og langsiktige finansielle aktiva).

<u>Kredittrisiko:</u>	<u>Maksimal plassering pr. debitor i % av samla forvalta kapital:</u>
Risikoklasse 1	Norsk stat : ubegrensa Andre : Maks 10%
Risikoklasse 2	Statsføretak/obligasjonar med førerrett: 10 % Fylkeskommune/kommune og kraftselskap m/garanti: 10 %

	Bank/finans:	10 %
	Rentefond:	20 %
Risikoklasse 3	Enkeltpapir:	0 %
	Rentefond:	10 %
Risikoklasse 4	Ingenting	
Risikoklasse 5	Berre aksjefond som omfattar eit større tal selskap og bransjar og som følgj etablerte marknadsindeksar skal kunne veljast. Det skal ikkje nyttast reine bransjefond.	
Riskioklasse 6	Ingenting	

Maksimalt 10% av kommunen sine plasserte langsiktige midlar kan vere plasserte i eit enkelt aksjefond.

Kommunen kan heller ikkje eige meir enn 10 % av fondsandelane i eit enkelt verdipapirfond. Kommunen si eksponering (innskot og direkte eigde obligasjonar/sertifikat) i ein enkelt bank skal ikkje utgjere meir enn 2 % av forvaltningskapitalen til banken.

Valutarisiko

Utanlandske rentepapir/rentefond skal valutasikrast.

For utanlandske aksjefond skal minimum 70 % av valutaeksponeringa valutasikrast ved bruk av valutaterminar med maksimalt 12 månader løpetid.

Dette gjeld også for fond (renter og aksjar) der avkastninga vert oppgjeven i NOK, men underliggjande papir heilt eller delvis er notert i utanlandsk valuta, og denne valutarisikoen ikkje er sikra i fondet.

Avkastningsrisiko og benchmarks

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på eigendelar som følgje av endringar i marknadsforhold – under dette endring i aksjekursar, rentenivå samt endring i volatiliteten i desse marknadane.

I tillegg til den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsett avkastningsmål) har kommunen også ein relativ risiko som er risikoen for ikkje å oppnå avkastninga til ei samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

Benchmark (referanseindeks) for langsiktige finansielle aktiva skal vere:

- Bank/likviditet Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 0,25 år (ST1X)
- Renteberande portefølje Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år (ST4X)
- Aksjefond 50 % Oslo Børs Fondsindeks (OSEBX)
50 % Morgan Stanley World Index (MSCI)

Ved samanlikningar med benchmark skal den faktiske porteføljen og avkastninga av denne målast mot "normalporteføljen" og "avkastning" av denne i gjeldande periode.

Renteporteføljen skal ha ei tidslengde (durasjon) på mellom 0,5 og 5,0 år avhengig av renteforventning.

Avkastningsrisikoen for aksjar vert styrt gjennom storleiken som vert sett for maksimal ramme for denne risikoklassen. Det er samstundes gitt visse avgrensingar ved val av aksjefond, jf. Punkt om Risikoklasse 5.

Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene som til ei kvar tid er gjeldande for Statens Pensjonsfond Utland, skal

være retningsgjevande for den etiske handtering av kapitalforvaltninga.

Desse retningslinene inneberer mellom anna at selskap som produserer særlege inhumane våpen skal haldast utanfor porteføljen. Vidare skal selskap haldast utanfor dersom det er uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkelsar av menneskerettane som til eksempel drap, tortur,
- fridomskreking, tvangsarbeid, utnytting og anna utbytting av barn
- Alvorleg krenking av menneskerettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade,
- grov korrupsjon og andre serlege grove brot på grunnleggjande etiske normer

Rapportering

Rådmannen skal ved rapporteringa per 30. april og per 31. august, leggje fram rapportar for kommunestyret som syner status for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. Pr 31.12 skal rådmannen leggje fram rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status pr 31.12.

Rapporteringa skal syne følgjande:

- Fordeling på dei ulike aktivaklassane i kroner (marknadsverdi) og i prosent av dei samla langsiktige finansielle aktiva
- Avkastning hittil i år samanlikna med referanseindeks per aktivaklasse og samla
- Rådmannen sine kommentarar knytt til den faktiske aktivaforordninga, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, samt avkastninga i forhold til marknaden og målt mot budsjetterte avkastning.
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet

Plassering av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva skal ved kvar rapportering stresstestast med følgjande parameter:

- +2 % parallelt skift i rentekurva
- -20 % verdiendring på utanlandske aksjefond
- -30 % verdiendring på norske aksjar

9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

Risikovurderingar

Ved tidlegare omtala rapportering til kommunestyret skal det også gjerast følgjande risikovurderingar:

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål og gjeldsportefølja sett i samanheng
- Ei "netto" gjeldsbetraktning som syner renterisikoen som kommunen tek i kroner ved ein 1 % andel generell endring i rentekurva.

Kvalitetssikring

Uavhengig kompetanse skal vurdere om dei rammene som er lagt i dette finansreglementet er i samsvar med reglane i kommunelova med gjeldande finansføresegn. Dette er gjennomført ved at reglementet er kvalitetssikra av Deloitte.

Uavhengig kompetanse skal vurdere dei administrative rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen har ansvar for at slike vurderingar vert innhenta gjennom kommunen sitt revisjonsselskap.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra finansreglement.